



**DET KONGELIGE
NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENT**

Næringsministeren

Hordaland fylkeskommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Rogaland fylkeskommune

Deres ref

Vår ref
16/6116-

Dato
21.12.2016

Forslag til pilotprosjekt på Vestlandet for bedre koordinering av statlige og regionale virkemiddel -

Jeg viser til henvendelse fra fylkesordførerne i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane datert 11. november 2016 om utvikling av pilotprosjekt for bedre koordinering av statlige og regionale virkemidler i en ny Vestlandsregion. Jeg viser også til svarbrev fra kommunal- og moderniseringsministeren av desember 2016.

I likhet med kommunal- og moderniseringsministeren er jeg positiv til å fremskaffe ny kunnskap om hvordan intensjonene i den forestående regionreformen kan utformes i praksis. Jeg ønsker derfor at Nærings- og fiskeridepartementet deltar i dialogen om den nærmere konkretiseringen av de foreslåtte forstudier.

Jeg har blitt enig med kommunal- og moderniseringsministeren om at Kommunal- og moderniseringsdepartementet koordinerer de berørte departementenes bidrag i prosjektet.

Jeg vil til slutt benytte anledningen til å ønske lykke til med fylkeskommunenes videre arbeid i dette prosjektet.

Med hilsen

Monica Mæland

Adresseliste

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN

Rogaland fylkeskommune

Postboks 130 Sentrum

4001

STAVANGER

Sogn og Fjordane
fylkeskommune

Fylkeshuset, Askedalen 2

6863

LEIKANGER



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Statsråden

Ifølge liste

Deres ref

Vår ref

Dato

16/2929-51

28.11.2016

Pilotprosjekt Vestlandet - bedre koordinering av statlege og regionale verkemiddel

Eg viser til motteke brev frå fylkesordførarane i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane datert 11. november 2016 om utvikling av pilotprosjekt for betre koordinering av statlege og regionale verkemiddel i ein ny Vestlandsregion.

I Meld. St. 22 (2015–2016) *Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver* peikar eg på høvet som fylkeskommunane har til å søke om pilot/forsøk som reiskap for utvikling av forvaltinga. Dersom ein pilot omfattar ansvar forankra i lov eller forskrift, vil den bli omfatta av forsøkslova, som har særskilde kriterie som må oppfyllest. Ein pilot eller forsøk med føremål å hauste erfaringar med korleis nye og større folkevalde regionar kan bli styrka i rollen som samfunnsutviklar, vil og vere av interesse og nytte for staten.

Dersom Vestlandsregionen set i gang ein prosess med å vidareutvikle ei skisse til pilotprosjekt Vestlandet, vil Kommunal- og moderniseringsdepartementet vere positiv til dialog med fylkeskommunane for å konkretisere kva ein forstudie og ev. pilot kan gå ut på. Eg vil då invitere dykk til eit møte for å drøfte korleis ein pilot kan innrettast og korleis prosessen kan leggjast opp. Dette krev imidlertid vedtak om samanslåing nå i desember.

Eg vil understreke at dette ikkje inneber ei godkjenning på førehand av eit pilotprosjekt. Vi legg til grunn at fylkeskommunane sjølv leiar arbeidet og sjølv konkluderar i forstudien. Kommunal- og moderniseringsdepartementet vil på si side oppfordre regional statsforvalting som evt. blir berørt, til å bidra med fagleg informasjon og vurderinger til fylkeskommunane sitt arbeid med forstudien. Departementet bør undervegs i forstudien difor vere informert, slik at vi kan bidra til konstruktiv oppfølging frå staten si side.

Eg vil samstundes understreke at fylkeskommunane etter endt forstudie vil måtte søkje om gjennomføring av pilot/prøveordning/forsøk dersom det inneber unntak frå gjeldande lover og

forskrifter eller anna formell endring i ansvar og myndigheit mellom staten og fylkeskommunane.

Med helsing

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Jan Tore Sanner', written in a cursive style.

Jan Tore Sanner

Adresseliste

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001	STAVANGER
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Fylkeshuset, Askedalen 2	6863	LEIKANGER

Næringsminister Monica Mæland
Kommunal- og næringsminister Jan Tore Sanner

Dato: 11.11.2016

Pilotprosjekt for betre koordinering av statlege og regionale verkemiddel

Eit viktig premis for å etablera ein eventuell ny Vestlandsregion er eit positivt vedtak i Stortinget. Dei tre fylkeskommunane har så langt ein god dialog, og det er signert intensjonsavtaler om samanslåing. No har også LO og NHO i dei tre fylka signalisert at dei støttar opp om eit tettare samarbeid. Som ein del av arbeidet med å førebu ein ny Vestlandsregion ynskjer vi difor å foreslå oppretting av eit pilotprosjekt for å vidareutvikle og samordne statleg- og regional verkemiddelbruk i forhold til den framtidige regionen.

Regional utvikling krev langsiktig innsats og tett samarbeid mellom fleire aktørar. Gode resultat krev kunnskap og god koordinering frå verkemiddelaktørane. Det er også viktig at oppgåvedelinga mellom det statleg- og regionale verkemiddelapparatet er klår og oversiktleg.

Dei ulike regionale- og statlege styringsmodellane er i dag kompliserte og fragmenterte for samfunns- og næringsliv, og det er stort behov for meir effektiv og føreseieleg forvaltning i ein regionmodell. Eit pilotprosjekt på Vestlandet vil vere eit viktig innspel til utvikling av «beste praksis» for fleire regionar. Målet er at Vestlandet skal blir meir enn summen av tre fylkeskommunar. Gjort på rett måte vil ein ny regionmodell med koordinert portefølje av verkemiddel også bli eit viktig verktøy for å vidareutvikle velferdssamfunnet gjennom fortsatt vekst i sysselsetting og verdiskaping.

Ambisjonsnivå

Grunnlaget for eit slikt pilotprosjekt må avklarast gjennom eit forstudie. Her kan ein avklare handlingsrom, og ikkje minst ambisjonsnivå, for ein pilot knytt til samordning og overføring av oppgåver. Vi vil foreslå eit pilotprosjekt langs desse aksane:

- Samordning av verkemiddel ved at Vestlandet tek ei politisk/strategisk rolle, og/eller overtek fullt det operative forvaltingsansvaret for verkemiddelbruken
- Samordning av økonomiske verkemiddel (til dømes næringsretta verkemiddel eller på kulturfeltet) versus samordning av forvaltningsmessige verkemiddel (til dømes Plan og bygningslov, Kulturminnelov).

Det er viktig for oss at eit slikt pilotprosjekt må ha ei breiare tilnærming enn berre næringsfeltet. Prosjektet bør også omfatte forvaltingsoppgåver innafor kultur, opplæring og forskning.

Unytta potensial

Vestlandet er i dag leiande på verdiskaping, men regionen har også eit stort unytta potensial når det gjeld å realisere nasjonale ambisjonar om vidare omstilling. For at Vestlandet skal utvikla ein posisjon som ein innovativ region i Europa er det viktig at bransjar der regionen har særlege føremoner knytt til vekstpotensial, innovasjonsevne, internasjonal konkurransekraft har særskilt fokus. Vestlandet er i tillegg eit sentralt utgangspunkt for auka verdiskaping i «havrommet», og omstilling i høve til berekraft og miljø.

Ved å reindyrke og koordinere regionale oppgaver slik at dei regionale- og nasjonale verkemidla får maksimal relevans og effekt, vil det vera mogleg å leggja eit godt grunnlag for vekst i framtidig sysselsetting og verdiskaping.

Forslag til rammer for vidare arbeid

Det vert foreslått etablert eit samarbeid mellom statleg nivå og dei tre fylkeskommunane om å avklare rammene for ein pilot gjennom eit forstudie. Vidare blir det foreslått å etablere ein konkret pilot så snart som mogleg. I praksis vil dette hengja saman med dei tre fylkestinga si handsaming av «Intensjonsplan for ny Vestlandsregion» i desember 2016. Framdrifta deretter er skissert under:

- Eit godt forankra forstudie vil avklare korleis oppgåvene til det statlege og regionale verkemiddelapparatet kan samordnast og koordinerast på ein betre måte. Pilotprosjektet vil særleg vurdere samordning av oppgaver innan innovasjon, forskning og innovasjonsretta infrastruktur. Døme på andre felt kan vere regionale tema innan landbruk, mat og bioøkonomi generelt, miljø/klima, kultur og utdanning. Forstudiet vil vidare vurdere i kva form ei slik samordning kan skje, og kva politiske og administrative styringsverktøy som må endrast/etablerast. Tenkt framdrift for det vidare arbeidet kan bli som fylgjer: **Mandat – innan 31.01.17**. Etablere felles mandat for ein forstudie.
- **Forstudie – innan 30.06.17**: Val av verkemiddel for regional koordinering, type og omfang. Forslag til etablering av politisk og administrativ organisering og avgjerdssystem. Avklare samarbeid og fordeling av oppgaver mellom statlege- og regionale organ. Forankring av oppgåvene.
- **Avklaring og formelle vedtak innan 31.12.17**. Forankre forslaga og gjera naudsynte vedtak på regionalt og statleg nivå. Konkretisere forslaget i budsjett og planar på begge nivå.
- **Pilotfylke 1 – Første halvår 2018**: Etablering av pilot- og prøveordningar på vedtekne område. Koordinere med eksisterande verkemiddel.
- **Evaluering – innan 30.06.19** Gjennomføre evalueringar og vurderingar for å nytte desse i samband med innføring av regionreforma frå januar 2020.

Vi håpar de finn forslaget interessant og vil ta dette opp i regjeringa. Dei tre fylkeskommunane er klar til å starte dette arbeidet så raskt som det er praktisk mogleg.

Med helsing

Jenny Følling
Fylkesordfører
Sogn og Fjordane fylkeskommune

Anne Gine Hestetun
Fylkesordfører
Hordaland Fylkeskommune

Solveig Ege Tengesdal
Fylkesordfører
Rogaland fylkeskommune

Kopi:

Kulturminister Linda Hofstad Helleland
Kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen
Rogalandsbenken på Stortinget
Hordalandsbenken på Stortinget
Sogn og Fjordane-benken på Stortinget